

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

**Mark Taylor (MDG)** sette på vegner av A, MDG, SV, V og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ

1.a. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» og med dei endringar som kjem fram i saka og desse endringane:

- eit nytt kulepunkt i sentrale føringar på s.18: «Utbygging av ny næringsutvikling og ny industri skal skje på ein så skånsam måte som mogleg.»

- I siste avsnittet av kapittel 4.4. (s.24) endrast «overordna retningslinjer» til «sentrale føringar» slik at omgrepa vert samstemt «sentrale føringar» i heile planen.

b. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - Handlingsprogram 2021» med dei endringane som kjem fram i saka.»

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegner av A, UA, MDG, Sp, SV, KrF fram slikt forslag:

«Tillegg

Fylkestinget vil peike på at det må arbeidast for tilgjengelig næringskompetanse i alle delar av fylket.»

**Noralv Distad (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Tillegg pkt. 2, 4. kulepunkt:

\* Temaplan forskning, med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling.

Tilleggspunkt:

5. Fylkestinget ber om at det vert lagt stor vekt på tiltak som kan sikra og skapa arbeidsplassar i bransjar og område som er sterkt råka av korona-pandemien.

Samstundes bør ein og i samarbeid med næringslivet, bidra til å utvikla industri for å møte dei utfordringar pandemien har avdekkja, til dømes innafor smittevern.

6. Fylkestinget legg til grunn at næringslivet blir sterkt involvert som deltakar og premissleverandør i det vidare arbeidet med å følgja opp planen.

7. Næringsplanen er eit førande rammeverk, men skal ikkje utelukka støtte til andre interessante initiativ og tiltak.»

### Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkestinget vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (UA, Frp, Sp).

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkestinget

1. a. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033» og med dei endringar som kjem fram i saka og desse endringane:

- eit nytt kulepunkt i sentrale føringar på s.18: «Utbygging av ny næringsutvikling og ny industri skal skje på ein så skånsam måte som mogleg.»

- I siste avsnittet av kapittel 4.4. (s.24) endrast «overordna retningslinjer» til «sentrale føringar» slik at omgrepa vert samstemt «sentrale føringar» i heile planen.

b. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - Handlingsprogram 2021» med dei endringane som kjem fram i saka.

2. Fylkestinget ber om at følgjande temaplanar vert utarbeidd i perioden:

- Temaplan reiseliv
- Temaplan landbruk, inkludert jordvern
- Temaplan breiband og digitalisering
- Temaplan forskning, med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling

3. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å gjere tekstlege endringar i plandokumentet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide eiga sak om handlingsprogram 2022-2025 til fylkestinget som vidare oppfølging av planen
5. Fylkestinget ber om at det vert lagt stor vekt på tiltak som kan sikra og skapa arbeidsplassar i bransjar og område som er sterkt råka av korona-pandemien. Samstundes bør ein og i samarbeid med næringslivet, bidra til å utvikla industri for å møte dei utfordringar pandemien har avdekka, til dømes innafor smittevern.
6. Fylkestinget legg til grunn at næringslivet blir sterkt involvert som deltakar og premissleverandør i det vidare arbeidet med å følgja opp planen.
7. Næringsplanen er eit førande rammeverk, men skal ikkje utelukka støtte til andre interessante initiativ og tiltak.
8. Fylkestinget vil peike på at det må arbeidast for tilgjengeleg næringskompetanse i alle delar av fylket.